# Kulturskoleforum 20.04.2012

Vaksdal kulturskule

# Entreprenørskap i Kulturskolene

- Ungt entreprenørskap
- Norsk Kulturskoleråd - prosjekt
- Fra idè til produksjon – eie, skape, dele
- Målet kan være:
- - større elev-involvering og eierskap
- - ny ”målgruppe” for kulturskolene
- - økt bevissthet rundt kulturell verdiproduksjon

Vaksdal kulturskule

# Vaksdal sitt eksempel

- Samarbeid med ungdomsskolen
- De nye valgfagene:
- - produksjon for sal og scene
- - produksjon av informasjon
- - produksjon av varer og tjenester
- - fysisk aktivitet og helse
- - design og redesign
- - forskning i praksis
- - internasjonale kontakter
- - teknologi i praksis

Vaksdal kulturskule

# Kunst/Knust

- Valgfagene + entreprenørskap
- Kunst/Knust film



8 Torsdag 22. mars 2012 VaksdalPosten

Ungdomskuleelevane på Dale skal vera med på eit pilotprosjekt i kulturelt entreprenørskap, der kunst er tema. (Foto: Dale barne- og ungdomsskule)

## Kulturskulen i nytt pilotprosjekt

**Vaksdal Kulturskule er plukka ut, som ein av tre kulturskular i landet, til å ta del i eit pilotprosjekt i kulturelt entreprenørskap i regi av Norsk Kulturskuleråd. Eit av måla er å gje ungdomskuleelevane på Dale større eigarskap til dei kunstfaglege opplegga på skulen.**

VP Pia Müller
pm@vaksdalposten.no

Prosjektet går ut på å sjå korleis kulturskulene kan knyta undervisning i entrepenørskap til den eksisterande undervisninga, og samstundes utvikla nye tilbod knytte til entreprenørskap. Entreprenørskap er eit vidt omgrep, som særleg vert nytta når det er snakk om å etablera ny næringsverksemd.

**Framleis ikkje heilt konkret**

Kultursjef Kristin Myrmel vedgår at prosjektet er litt svevande.

–Det er vel nettopp derfor ein har sett i gang eit pilotprosjekt, for å få litt meir «kjøt på beinet». Kulturbasert næring og kunst-/kulturproduksjon har mange fellestrekk med å driva ei bedrift, men det finst også nokre særmerkte forskjellar. Nokre av desse forskjellane er sjølve produktet, som ofte er ei hending og ikkje ei fysisk vare. Produksjonslina er òg annleis, og kunst har ein verdi i seg sjølv, uavhengig av «marknaden». Prosjektet me no får ta del i vil synleggjera både forskjellar og likskap, fortel Kristin Myrmel.

Det finst allereie eit opplegg for undervisning i regi av Ungt Entreprenørskap, der elevane startar ungdomsbedrift og på denne måten lærer seg mellom anna marknadsplanlegging, bedriftsøkonomi og organisering.

– Det skal mellom anna opna nokre dører av forståing for korleis ein kan livnæra seg av kultur, fortel Myrmel.

Dette er bakgrunnen for pilotprosjektet som Vaksdal er plukka ut til å ta del i, saman med Kongsberg og Skjåk Kulturskular. Desse tre skulane har altså vorte funne å vera særs innovative og nytenkjande på nasjonalt nivå.

**Eigarskap**

Noko av det ein ønskjer å satsa på er kulturelt entreprenørskap både i kulturskulene, hjå lærarar og elevar i ungdomskulene, og ute i lokalsamfunn og næringsliv.

– Me ønskjer mellom anna å gje elevane, både i ungdomsskulen og kulturskulen, eit mykje større eigarskap i det dei held på med. Me planlegg å knyta dette prosjektet opp mot ein sommarkonsert med kulturskulen. Ein slik konsert er eit godt eksempel på ei hending som vanlegvis er gjenomorganisert frå dei vaksnes side, men i dette entreprenørprosjektet skal dei vaksne vera rådgjevarar.

Dei unge skal vera aktive også i planlegginga av hendingane, og ikkje minst innhaldet i desse, i tillegg til produksjonen og marknadsføringa. Det trur me vil gje dei ei ny og positiv erfaring. Dei vil ikkje lenger berre vera passive deltakarar som skal vera med på ei allereie ferdigplanlagt hending, men heller aktive deltakarar i ei hending dei sjølv er med på å definera. Me trur dette vil gje elevane eit veldig sterkt eigartilhøve til prosjekta, fortel Myrmel.

**Samarbeidsprosjekt**

Norsk Kulturskuleråd og «pilotgruppa» kjem til Dale i samband med Daledagane i juni, for både å ha neste møte der, men også for å sjå kva ein får til i Vaksdal.

– Eit anna prosjektet me i Vaksdal skal utvida og knyta entreprenørskap til, er det eksisterande samarbeidsprosjektet mellom Dale Ungdomsskule og Vaksdal Kulturskule. Dette er tufta på å utvikla dei nye valfaga som kjem, og retter seg mot visuell kommunikasjon, design, kunst og arkitektur, seier kultursjefen.

Det er Morten Skage, Charles Lunde og Jostein Vasstveit som har utarbeidd dette samarbeidsprosjektet, og lærarar og elevar sine røynsler vil verta systematiserte og gjort tilgjengelege for andre skular/kulturskuler.

– Det er viktig å eksportera kompetanse, erfaring og kunnskap, meiner Myrmel.

Erfaringane som blir hausta, vil verta vidareført til eit treåring prosjekt der andre kulturskuler kan dra nytte av røynslene i Vaksdal. Vaksdal Kulturskule skal halda fram vidare som «pilotar» også i det treårige prosjektet.

Myrmel fortel at dei vil verta tildelt nokre midlar til dette prøveprosjektet, men veit ikkje storleiken på dette pr i dag, anna enn dei 175.000 kr som allereie har vorte løyvd til dette gjennom prosjektet «Ut med Kulturskulen».